



Notat

Dato: 24.02.2016
Arthur K. Arnesen

Til: Kontaktpersonane i dei seks fylka

Frå: Arthur K. Arnesen, Hordaland fylkeskommune

Omstilling på Sør- og Vestlandet

- organisering og oppgåvedeling.

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt oppdragsbrev til fylkeskommunane av 14.01.2016 om bruken av regionale utviklingsmidlar (Post 60) går det fram at 20 mill. kr av omstillingspotten er sett av til å møte utfordringane som følgje av endringane i petroleumsnæringa på Sør- og Vestlandet. I brevet får Hordaland fylkeskommune ansvaret for å leie eit felles omstillingsarbeid for fylka frå Møre og Romsdal til Aust-Agder. Midlane er knytt opp til dette arbeidet og blir overført til Hordaland fylkeskommune som har det overordna forvaltingsansvaret for virkemiddelbruken. Midlane skal nyttast på tvers av fylkesgrensene, og kan ikkje omprioriterast til andre føremål. Det går også fram at midlar til omstilling er landsdekkande og kan nyttast i alle kommunar.

Petroleumsnæringa er spreidd over store delar av landet, men har eit tyngdepunkt på kysten frå Agder fylka til Møre og Romsdal. Utfordringane som verkemiddelapparatet no blir stilt overfor, skaper behov for ein koordinert og samordna innsats på tvers av fylkesgrensene. KMD meiner dette legg til rette for ein samordna regional innsats på tvers av fylkesgrensene for å jobba med problemstillingar knytt til utfordringane i industrien. Sør- og Vestlandet omfattar dei seks fylka Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

I dette notatet blir eit forslag til korleis arbeidet med eit samordna omstillingsarbeid kan organiserast og korleis arbeidsoppgåvene kan fordelast. I eit eige notat blir overordna strategiske føringar og avgrensingar i virkemiddelbruken omtalt. Til saman utgjer desse to notata grunnlaget for korleis dei seks fylka skal drive fram dette arbeidet. Notata er utarbeidd i nært samarbeid med ei kontaktgruppe med medlemmer frå alle seks fylkeskommunane. Kontaktgruppa stiller seg bak forslaga i desse notata. Notata er meint å danne grunnlag for handsaming i dei seks fylka.

1.2 Arbeidet så langt.

Som følgje av forslaget i Statsbudsjettet for 2016 om 20 mill kr til omstillingstiltak i olje- og gassindustrien på Sør- og Vestlandet, inviterte KMD alle dei seks fylkeskommunane til eit møte i Bergen 5. november 2015 for å diskutere nærare korleis dette arbeidet kunne organiserast og midlane kunne forvaltast. Denne gruppa er i dette notatet kalla kontaktgruppa. Til grunn for møtet låg mellom anna eit notat av 25.09.2015 frå Hordaland fylkeskommune til KMD. Møtet er oppsummert i eit referat frå KMD datert 05.11.2015.

Konklusjonen frå møtet var at Hordaland fylkeskommune, på bakgrunn av innspela frå møtet, skulle arbeide vidare med å konkretisera arbeidsform, organisering, handlingsplan og avtalar. Hordaland fylkeskommune har konsultert Aust-Agder fylkeskommune i dette arbeidet.

Hordaland fylkeskommune inviterte kontaktgruppa til eit nytt møte 9. feb. 2016 kor mellom anna spørsmålet om organisering og arbeidsdeling blei diskutert. I forkant av møtet var det sendt ut eit nytt notat med meir konkrete forslag på dei aktuelle områda som blei lagt til grunn for diskusjonen.

Dette notatet er utforma på grunnlag av diskusjonen og konklusjonane frå møtet i kontaktgruppa 9. februar. Eit utkast er sendt til alle medlemmane i kontaktgruppa og innspel som har kome er innarbeid. Hordaland fylkeskommune oppfattar difor at det er semje i kontaktgruppa om dette forslaget. Det blir vidare lagt til grunn at medlemmene i kontaktgruppa, etter behov, har diskutert dette internt i eigen fylkeskommune.

2. Mål

Det overordna målet for det regionale omstillingsarbeidet er å få til ein best mogleg samordna og koordinert innsats på tvers av fylkesgrensene for å kunne medverke til omstilling som følgje av utfordringane i olje- og gassektoren.

Omstillingsarbeidet har som formål å:

- Medverke til å realisere flest mogleg konkrete tiltak og prosjekt for å møte utfordringane i petroleumsindustrien i heile regionen.
- Legge til rette for effektiv og samordna virkemiddelbruk i kvart fylke og på tvers av fylka.
- Gi grunnlag for felles innspel knytt til nasjonale rammetilhøve på vegne av dei seks fylka som deltar.

Organiseringa skal også ivareta at omstillingsarbeidet både vil være individretta og bedriftsretta, det vil si retta både mot arbeidstakarar som blir ramma og mot bedrifter som møter utfordringane.

Olje- og gassindustrien er ein svært stor og samansett gruppe bedrifter. Det er difor semje om at arbeidet i fyrste omgang vil bli konsentrert om leverandørindustrien til olje- og gassektoren. Dersom prosjektet går over fleire år, vil det bli vurdert om også andre grupper bedrifter skal inngå i prosjektet si målgruppe.

Meirverdien i eit slikt samarbeid mellom fleire fylke ligg i å identifisere «moglegheitsrommet», - kva kan fylkeskommunane gjere saman for å styrke næringslivet som er råka av utfordringane som den einskilde fylkeskommune ikkje kan få til aleine. Det er viktig å få til eit godt samarbeid mellom fylkeskommunane og andre naturlege partnarar som IN, NAV og utdanningssektoren (UH sektoren). Det er svært viktig å involvere leverandørindustrien, både på arbeidstakar- og arbeidsgivarsida.

3. Organisering, aktørar og ansvarsfordeling

To alternative modellar for å organisere arbeidet har vore vurdert. Det eine er ein vertsfylkeskommunemodell som mellom anna ligg til grunn for samarbeidet om regionale forskingsfond. Den andre modellen er ein prosjektmodell kor fylkeskommunane samarbeider om omstillingsarbeidet som eit felles prosjekt med Hordaland fylkeskommune som prosjektansvarleg.

Det har vore eit uttalt ønskje at arbeidet ikkje må medføre ein ny og byråkratisk struktur for å forvalte ein relativt «liten» sum virkemidlar over ein avgrensa periode. Det er viktig med ein så enkel og lite ressurskrevjande struktur som mogleg, ikkje minst fordi fylka har varierende administrative ressursar til dette arbeidet.

Ut frå ei samla vurdering blir det difor tilrådd at arbeidet blir organisert etter ein prosjektmodell. Denne modellen har tilslutning frå alle i kontaktgruppa.

3.1 Organisering

Utgangspunktet er at arbeidet blir organisert som eit prosjekt med eiga styringsgruppe og Hordaland fylkeskommune som prosjekteigar. Som prosjekteigar skal Hordaland fylkeskommune mellom anna sikre at dei seks fylka har grunnlag for handsaming i eige fylke gjennom godkjend prosjektforslag. Hordaland fylkeskommune skal også ta seg av overordna styring og kontroll av prosjektet. Andre oppgåver som vert tillagt prosjekteigar er:

- Tilbakemeldingar, framdriftsrapportar og styringssignal til styringsgruppa
- Involvering, informasjon og koordineringa av samarbeidet mellom dei seks fylka

I dialog med dei andre fylkeskommunane, oppnemnar Hordaland fylkeskommune, som prosjekteigar, medlemmene i styringsgruppa. Sidan KMD ynskjer ein samordna regional innsats på tvers av fylkesgrensene, er det viktig at styringsgruppa har med representantar frå NAV, IN samt UH- sektoren i tillegg til fylkeskommunane. Vidare må leverandørindustrien vere med, både frå arbeidstakar- og arbeidsgivarsida.

Med ei prosjektorganisering vil det ikkje vera behov for eit avtaleverk som skal regulere samarbeidet. Det vil vere tilstrekkeleg at alle fylka slutter seg til ein omforeint prosjektplan.

Prosjektorganiseringa kan ha ulik involvering/forankring (politisk eller administrativt) i alle dei seks fylka. Dette vil det vere opp til kvar fylkeskommune å bestemme. Det er semje i kontaktgruppa om å tilrå administrativ deltaking frå fylkeskommunane i styringsgruppa. Hovudargumentet er at dette vil sikre best koordinering og ressursutnytting både av dei som jobbar med prosjektet og av virkemiddelbruken.

Styringsgruppa skal behandle og vedta prosjektplanen og strategi/retningslinjer for virkemiddelbruken og sørge for at prosjektgruppe og prosjektleiar gjennomfører dette. I tillegg skal styringsgruppa ha overoppsyn med budsjett og rekneskap. Styringsgruppa vil også vere eit viktig forum for å diskutere og koordinera felles innspel knytt til nasjonale rammetilhøve. Styringsgruppemøta skal haldast med sakliste, dokumentasjon og referat.

Det vil vere eit mål å drive arbeidet i styringsgruppa etter ein «partnerskapsmodell» kor ein diskuterer seg fram til konsensus i alle viktige saker. Om man er usamde i styringsgruppa er det viktig å ta seg tid til ein «ekstra runde» for å samle seg om den beste løysinga. Dette vil vere viktig for tillit og samarbeid både i styringsgruppa og elles i prosjektet.

I tillegg vil det vera behov for at kvar einskild fylkeskommune bidrar med tilstrekkelege personellressursar til omstillingsarbeidet, gjerne knytt til ein eller to personar. Eksempelvis kan dette vere næringssjef og/eller den/dei tilsette som jobbar med omstilling og/eller den aktuelle bransjen i eige fylke. For å koordinere det operative arbeidet og utnytte ressursane på tvers av fylka vil desse personane bli samla i ei eiga prosjektgruppe.

Prosjektorganiseringa er forsøkt oppsummert i tabellen under:

Prosjektorganisering		
Namn	Ansvar oppstart	Ansvar gjennomføring
<u>Prosjekteigar:</u> Fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune.	<ul style="list-style-type: none"> - Utnemner prosjektansvarleg, styringsgruppe og prosjektleiar. Delegerar arbeidsoppgåver og ansvar til prosjektansvarleg og styringsgruppe. - Bestiller leveranse /resultatet og definerer prosjekttype og mandat. 	<ul style="list-style-type: none"> - Har det totale prosjektansvaret, - Endrar retning på eller avbryt prosjektet dersom måla ikkje vert nådd, eller føresetnadene endrar seg. - Forvaltning av virkemidlane og rapportering til KMD
<u>Styringsgruppe:</u> - Ein administrativ leiar frå kvar fylkeskommune. - 4 representantar frå leverandørindustrien (2 frå arbeidstakersida og 2 frå arbeidsgiversida) - 1 frå IN, 1 frå NAV og 1 frå UH-sektoren.	<ul style="list-style-type: none"> - Godkjenner prosjektplan og andre styringsdokument. - Vidareutviklar og godkjenner strategi og retningslinjer for virkemiddelbruk. 	<ul style="list-style-type: none"> - Gjøre nødvendige avgjerder i prosjektet og følgje opp disse - Bidra til at prosjektet får naudsynte ressursar i kvart fylke - Gi råd i problemstillingar som prosjektansvarlig/prosjekteigar tar opp. - Gi aktiv støtte til prosjektleiar, og følgja med i framdrift og resultat i prosjekta. - Informere eigen organisasjon/dei ein representerer - Rapportere til prosjekteigar
<u>Prosjektansvarleg:</u> Fylkesdirektør regional utvikling i Hordaland fylkeskommune.	<ul style="list-style-type: none"> - Leiar av styringsgruppa - Utfører oppgåver delegert av prosjekteigar. - Samarbeide nært med prosjektleiar. 	<ul style="list-style-type: none"> - Overordna styring av prosjektet. - Rapportering til prosjekteigar, andre fylkeskommunar og KMD. - Innkallar til styringsgruppemøter.
<u>Prosjektleiar:</u> Utpeikt person frå Næringsseksjonen, Hordaland fylkeskommune.	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide utkast til prosjektplan, strategi/retningslinjer for virkemiddelbruken og andre styringsdokument. - Bistå prosjektansvarleg 	<ul style="list-style-type: none"> - Leie prosjektaktivitetane. - Koordinera og delegere oppgåver til deltakarane i prosjektgruppa - Bistå dei andre fylkeskommunane i det operative arbeidet. - Styring/oppfølging av omfang, kvalitet, framdrift og ressursbruk. - Sekretariat for styringsgruppa. - Utarbeide rapportering
<u>Prosjektgruppe:</u> Næringssejfar og/eller rådgivarar frå fylkeskommunane som deltar i det operative arbeidet	<ul style="list-style-type: none"> - Bidra til utarbeiding av prosjektplan og intern handsaming i alle fylkeskommunane 	<ul style="list-style-type: none"> - Utføre delegerte prosjektoppgåver frå prosjektleiinga. - Ta initiativ til aktuelle tiltak og marknadsføre prosjektet - Delta aktivt i gjennomføringa av prosjektet i eige fylke og i koordinering med andre fylke. - Ta opp aktuelle problemstillingar med prosjektleiinga. - Bidra til problemløysing.

3.2 Oppgåvedeling og organisering av det praktiske arbeidet.

Den praktiske gjennomføringa av arbeidet vil i stor grad gå føre ute i dei aktuelle fylka. Kvar fylkeskommune må difor sette av tilstrekkelege ressursar til dette arbeidet, gjerne knytt til ein eller to medarbeidarar som til dagleg jobbar med omstilling og/eller bransjen. Desse personane vil få eit ansvar for informasjon og utadretta verksemd i eiga fylke og vil også delta i sakshandsaminga av innkomne søknadar. Desse personane vil utgjere den faglege og administrative ressursen i omstillingsarbeidet i eige fylke og må samarbeide tett i det praktiske arbeidet med tilsvarande personar i dei andre fylka og med prosjektleiinga.

Sakshandsaming av innkomne søknadar skjer gjennom RF 13.50. I tillegg vil det bli nytta «panelvurderingar» med deltakarar frå fleire fylkeskommunar etter behov. Tilsegn vil bli gitt av Hordaland fylkeskommune.

I tillegg til oppgåvene som prosjektansvarleg, vil Hordaland fylkeskommune vere ein deltakarfylkeskommune på linje med dei andre fylkeskommunane. Skisse til oppgåvefordeling blir då:

Hordaland fylkeskommune (prosjektansvarleg)	Deltakarfylkeskommunar (inkludert Hordaland fylkeskommune)
Administrativt og juridisk ansvar for det regionale omstillingsarbeidet. Utforme endeleg utkast til prosjektbeskrivelse.	Delta i utforminga av prosjektbeskrivelse og sørge for handsaming i eigen fylkeskommune.
I samarbeid med dei andre fylkeskommunane, sørge for at det blir oppnemnt medlemmer til styringsgruppa.	Bidra med faglege ressursar til <ul style="list-style-type: none"> - utadretta arbeid i eige fylke, - å delta i arbeidet med å forberede saker for omstillingsutvalet, - til sakshandsaming.
Utarbeide årleg rekneskap, og rapportera til KMD, dei styrande organa i prosjektet og til dei andre fylkeskommunane.	Vere offensive og bidra aktivt med å finne og utvikle gode prosjekt og tiltak i eige fylke. Det blir ikkje lagt til grunn at deltakarfylkeskommunane skal ta ansvar for gjennomføring av prosjekta.
Mottakar av omstillingsmidlane frå KMD, og utbetale midlar til prioriterte prosjekt og tiltak i alle dei seks fylka.	Involvere den regionale partnarskapen i eige fylke for å få god forankring av omstillingsarbeidet.
Sørge for eit vel fungerande sekretariat som <ul style="list-style-type: none"> - har det daglege administrative ansvaret for koordinering av arbeidet med dei andre fylkeskommunane, - bistå dei andre fylkeskommunane i arbeidet i eige fylke - legge til styringsgruppa sitt arbeid og følgje opp vedtak. 	
Ansvarleg for at bruken av omstillingsmidlane er i samsvar med regelverket for offentleg støtte.	

I det vidare praktiske arbeidet er det naturleg at Hordaland fylkeskommune dreg vekslar på kompetansen hos deltakarfylkeskommunane. Døme på dette kan vera bruk av fagpanel på tvers av fylka for å vurdere innkomne søknader.

Det er naturleg at alle fylkeskommunane har tett kontakt med IN og NAV i eige fylke for å få til koordinert og effektiv verkemiddelbruk. I alle fylka er det også ei rekke regionale utviklingsaktørar som til dømes næringshagar, inkubatorar, bransjeklynger og utviklingsselskap. Alle desse vil vere aktuelle for operativ gjennomføring av konkrete tiltak. Fylkeskommunane har tett kontakt med desse aktørane.

Det er også viktig at fylkeskommunane har ei koordinerande rolle knytt til høgskular og universitet. Dette kan skje gjennom å utnytte den regionale partnerskapen i kvart fylke. Eit særskilt fokusområde her vil vere fylkesoverskridande tiltak knytt til etter- og vidareutdanning på UH-nivå. For tiltak på fagarbeidarnivå er det fylkeskommunane sjølve som har ansvaret og må samarbeide meir direkte.

3.4 Sekretariat og forretningsførsel

Som vertsfylkeskommune/prosjektansvarleg etablerer Hordaland eit sekretariat med ein ansvarleg leiar. Sekretariatsfunksjonen omfattar m.a. det daglege administrative ansvaret for drifta av omstillingsarbeidet, saksførebuing og tilrettelegging av omstillingsutvalet/styringsgruppa sitt arbeid og iverksetjing av vedtak. Sekretariatet skal koordinera arbeidet i deltakarfylkeskommunane og halda dei orientert om vedtaka i det regionale omstillingsutvalet/styringsgruppa. Sekretariatet skal ha forretningsførarfunksjon, og skal sørja for tilfredsstillande oppfølging og kontroll av prosjekt og tiltak det er løyvd midlar til. Sekretariatet skal også utarbeide budsjett, årleg rekneskap og andre rapportar rekvirert av omstillingsutvalet/styringsgruppa, fylkeskommunane eller KMD.

4. Økonomiske ressursar

For 2016 er den økonomiske ramma for omstillingsarbeidet dei 20 millionane som er løyvd over Statsbudsjettet for 2016. Det er ikkje lagt til grunn at fylkeskommunane skal bidra med midlar utover dette i 2016. Vidare er det lagt til grunn at desse midlane skal nyttast til aktuelle prosjekt og tiltak i 2016.

Det blir lagt til grunn av kvar fylkeskommune sjølv dekkar kostnadane til lønn, reise med meir som deltakarfylkeskommune.

I 2016 vil Hordaland fylkeskommune ta på seg oppgåva som vertsfylkeskommune/prosjektansvarleg utan økonomisk kompensasjon. Dersom arbeidsmengda blir stor og arbeidet vil gå over fleire år med nye løyvingar i 2017 og eventuelt 2018, vil Hordaland fylkeskommune vurdere å be om at nokre av sekretariatskostnadane med å vere vertsfylkeskommune blir dekkja av den tildelte ramma, oppad avgrensa til eit årsverk.

Det blir sett av midlar frå ramma til å dekke direkte utlegg knytt til styringsgruppa, til annonsering av midlane i fylka og til andre direkte utlegg knytt til arbeidet.

5. Kommunikasjon.

I samband med oppstart av arbeidet vil det bli utarbeidd ein eigen kommunikasjonsstrategi som skal trekke opp viktige rammer for arbeidet med kommunikasjon og formidling både internt og utad i alle fylka. Planen vil peike på nokre konkrete tiltak og rutinar for å få ut informasjon om prosjektet og dei tiltaka som blir initiert. Hordaland fylkeskommune vil koordinera dette arbeidet, men alle fylkeskommunane må bistå etter behov.

6. Framdrift.

Ein foreløpig framdriftsplan for det arbeidet fram til oppstart er som følgjer:

- Januar 2016. Arbeid med prosjektbeskrivelse/notat.
- Februar 2016. Møte med fylkeskommunane og utarbeiding av endeleg forslag til organisering og gjennomføring.
- Mars 2016. Handsaming av forslaget til samarbeidsmodell i fylkeskommunane og oppnemning av medlemmer til omstillingsutvalet/styringsgruppa.
- Mars/April 2016. Konstituering av omstillingsutvalet/styringsgruppa, arbeid med strategi/retningsliner for bruk av midlane og utlysing av midlane.
- April 2016: Prosjektet er etablert og arbeidet er i gang.

Det er imidlertid mogleg å sjå for seg ein forsert utlysing av midlane til det tidspunktet kor alle fylka har handsama forslaget til forvaltning og strategi. I milepelsplanen under har vi forsøkt å legge inn dette i form av spørsmålsteikn (?). I tillegg er det antyda møteaktivitet i styringsgruppa og i prosjektgruppa.

Ein tilsvarande framdriftsplan for 2. halvår 2016 vil bli utarbeidd til styringsgruppemøtet i juni.

Hovud-aktiviteter	Tidsplan (vekenummer 2016)																								
	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25				
Notat, organisering								P																	
Notat, Strategi								Å																	
Møter, kontaktgruppe		X		?				S																	
Utkast saksframlegg								K																	
Handsaming i fylka								E																	
Styringsgruppe møter									?	X					?					X					
Utforming av utlysing																									
Utlysing av midlar										X															
Promotering eige fylk																									
Handsaming søknadar																									
Første tilsegn									?	X															
Prosjektgruppe møter										X					?					X					

Det er lagt til grunn at arbeidet med omstillingsutfordringane i petroleumsnæringa kjem til å gå over fleire år. Basert på førebelse signal for KMD er det lagt til grunn at arbeidet kan bli vidareført for 2017 og 2018 med den same organiseringa som er foreslått her. Ei vidareføring vil avhenge av eit tilsvarande statlege bidrag i 2017 og 2018 som i 2016.